



Kofi Asiamah
Stølsmarka 3
5911 ALVERSUND

Referanser:

Dykkar: fa5308cf-bda7-4c4f-8168-565ddb1e1cd8

Vår: 21/3321 - 21/52041

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:

03.08.2021

Løyve til endra og utvidet bruk av avkjørsel - gbnr 137/444 Alver

Saka gjeldt søknad om tillatelse for *utvida og endra bruk av eksisterande avkjørsel* til kommunal veg for gbnr 137/444 datert 12.04.2021.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:


Det er søkt om å utvide avkøyrsla til ei breidd på 8m for tilkomst til tomt ved sida av garasje.

Vurdering/drøfting:

Tomta har frå før ikkje hatt tilkomst for bil anna enn inn og ut frå garasje. Garasjen ligg ikkje til hinder for sikt frå den utvidinga det er søkt om. Endringa vil gi høve til å parkere og snu på eiga tomt då det er planert areal på eigedomen.

Det er viktig at siktsonene vert halde vedlike av eigar slik at det ikkje vert plassert hekk, gjerde eller andre hindringar høgare enn 0,5m i siktsona til avkøyrsla. Siktsona i dette tilfellet er å rekne som $6 \times LS_m$, der $LS=20m$.

Avkøyrsla med nedsenka fortau



Samandrag/konklusjon:

Det kan bli gitt løyve til avkøyrsla slik vedlagt teining skisserer.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

www.alver.kommune.no

Organisasjonsnummer: 920 290 922

00

Vedtak:

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

Alver kommune gjev løyve til søknad om endra og utvida bruk av eksisterande avkjørsel til kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktzone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsle.

Utfyllande informasjon om krava til sikt og utforming av avkjørsle er å finne på kommunen si heimeside: www.alver.kommune.no

Vedtaket gjeld avkjøringsløyve. Tiltaket kan vere søknadspliktig og skal då handsamast av byggesak.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Siril Sylta
Tenesteleiar - arealforvaltning

Irene Wilhelmsen
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Kofi Asiamah

Stølsmarka 3 5911

ALVERSUND